



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
067/26	Formannskapet	27.08.2026
	Kommunestyret	

Sakshandsamar: Trine Grøttebø	Arkiv:	Arkivsaksnr.: 26/924 - 2
--------------------------------------	---------------	------------------------------------

Frønningen Skog - Søknad til nærings- og konsesjonsfondet

Kort samandrag:

Frønningen Skog søker om kr 2 000 000 i tilskot frå næringsfondet til etablering av nytt kaianlegg med flytemolo på Frønningen. Samla prosjektkostnad er berekna til kr 6,1 mill.

Søklar viser til at dagens kai er i dårleg stand og avgrensar både næringsaktivitet, reiselivsutvikling og beredskap. Det nye kaianlegget skal leggja til rette for tryggare og meir fleksibel tilkomst til Frønningen for både næringsliv, offentlege etatar, innbyggjarar og besøkande. Tiltaket er også tenkt å styrkja vidare utvikling av Frønningen som reisemål og næringsområde.

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal kommune yter eit tilskot på kr 1 000 000 til Frønningen Skog til etablering av ny kai med flytemolo på Frønningen. Tilskotet skal dekkast med midlar frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet. Tilskotet utgjer ca 25% av totalkostnaden. Tilskotet føreset av vedlagte finansieringsplan vert realisert.

27.08.2026 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 067/26 Vedtak

Lærdal kommune yter eit tilskot på kr 1 000 000 til Frønningen Skog til etablering av ny kai med flytemolo på Frønningen. Tilskotet skal dekkast med midlar frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet. Tilskotet utgjer ca 25% av totalkostnaden. Tilskotet føreset av vedlagte finansieringsplan vert realisert.

Vedlegg:

Søknadsskjema til næring-og konsesjonsavgiftsfondet Frønningen skog
Dampskipskaie Frønningen 2026 Vedlegg Lkom.pdf

Saksutgreiing

Frønningen Skog søker om tilskot frå næringsfondet til etablering av ny kai med flytemolo på Frønningen. Prosjektet omfattar etablering av nytt kaianlegg, bølgedempar, prosjektering og bruk av egne ressursar i gjennomføringa.

Bakgrunnen for tiltaket er at eksisterande kai ikkje lenger dekkjer behova til brukarar av området. Kaien vert i dag vurdert som lite funksjonell og gir avgrensingar både for småbåtar og større fartøy. Søklar peikar på at manglande tilgang til ei trygg og operativ kai over tid har vore ei flaskehals for vidare utvikling av næringsverksemdar og reiseliv på Frønningen.

Frønningen er eit område med aktivitet innan mellom anna skogbruk, reiseliv, landbruk og kulturhistorisk formidling. Søklar opplyser at ei ny kailøysing vil vera viktig for vidare utvikling av desse aktivitetane. Tiltaket vil også kunne styrkja tilkomsten for offentlege aktørar og beredskapstenester, mellom anna innan redning, brannvern, telekommunikasjon, kraftforsyning og naturforvaltning.

Samla prosjektkostnad er berekna til kr 6 100 000. Finansieringsplanen byggjer på eigenkapital, eigeninnsats, anna finansiering og eit omsøkt tilskot frå næringsfondet på kr 2 000 000.

Prosjektet er planlagt gjennomført i perioden juli til oktober 2026.

Lærdal kommune har i sak 047/26 gjeve rive- og byggeløyve til riving av eksisterande kai, samt nybygging av kai og bølgedempar på gbnr. 129/1 Frønningen.

Økonomiske konsekvensar

Lærdal kommune yter eit tilskot på kr 1 000 000 til Frønningen Skog tiletablering av ny kai med flytemolo på Frønningen. Tilskotet føreset at vedlagte finansieringsplan blir realisert.

Tilskotet vert utbetalt med 25% ved prosjektoppstart og 50% ved når søkar kan dokumentere halvparten av kostnadane i prosjektet. Resterande 25% vert utbetalt ved avslutta prosjekt og godkjent prosjektrekneskap.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at etablering av ny kai med flytemolo på Frønningen er eit viktig infrastrukturomgrep som kan leggja til rette for vidare næringsutvikling i eit område med særskilde natur-, kultur- og reiselivsressursar.

Frønningen representerer ein unik del av Sognefjorden med store landskapskvalitetar, rik kulturhistorie og eit betydeleg potensial for vidare utvikling innan naturbasert reiseliv. Tilkomsten til området er i stor grad sjøbasert, og ein funksjonell og sikker kai er ein føresetnad for å kunna ta imot både besøkande, næringsaktørar og ulike samarbeidsaktørar på ein god måte. Kommunedirektøren vurderer at tiltaket kan styrkja Frønningen si utvikling som reisemål og leggja betre til rette for auka aktivitet innan opplevingsbasert reiseliv, kulturformidling og bruk av det unike kulturlandskapet i området.

Tiltaket vil etter kommunedirektøren si vurdering også kunne gi positive ringverknader for fleire verksemdar enn søkjar sjølv. Ei forbetra kailøysing vil kunna nyttast av fleire næringsaktørar og leggja til rette for aktivitet knytt til mellom anna reiseliv, skogbruk, landbruk og annan næringsverksemd.

Kommunedirektøren legg vidare stor vekt på beredskapsperspektivet. Frønningen er eit område med avgrensa vegtilkomst, og sjøvegen spelar ei viktig rolle ved transport, redningsoppdrag og tilgang for offentlege tenester. Ei ny og oppgradert kai vil kunne styrkja tilkomsten for ambulanse, brann- og redningsteneste, beredskapsaktørar, kraftselskapa og andre samfunnskritiske funksjonar. Tiltaket vil difor kunne bidra til auka tryggleik både for dei som bur og arbeider på Frønningen og for dei som ferdast i området.

Prosjektet er godt forankra i fleire av kriteria for tildeling frå næringsfondet. Tiltaket byggjer på Lærdal sine strategiske konkurranseføremoner innan natur- og kulturbasert reiseliv. Sjølv om prosjektet ikkje direkte etablerer mange nye arbeidsplassar, vurderer kommunedirektøren at tiltaket kan bidra til å sikra grunnlaget for eksisterande aktivitet og leggja til rette for framtidig verdiskaping og sysselsetting innan reiseliv og anna næringsverksemd på Frønningen. Søkjar har dokumentert både eigarskap til prosjektet og evne til gjennomføring gjennom betydeleg eigenfinansiering.

Kommunedirektøren vurderer samla sett at prosjektet har positive verknader for næringsutvikling, reiseliv og beredskap, og at det er i tråd med fleire av prioriteringane i vedtektene for næringsfondet. Samstundes er det omsøkte tilskotet på kr 2 000 000 høgt sett

opp mot det som tradisjonelt har vore løyvd til enkeltprosjekt gjennom næringsfondet. Det må også takast omsyn til at næringsfondet skal kunna støtta fleire prosjekt og tiltak i kommunen. Kommunedirektøren meiner på denne bakgrunnen at prosjektet bør prioriterast for støtte, men at støtta bør fastsetjast på eit lågare nivå enn omsøkt beløp. Eit tilskot på kr 1 000 000 vil vera eit vesentleg bidrag til gjennomføring av prosjektet, samstundes som det tek omsyn til ei forsvarleg og balansert forvaltning av næringsfondet sine midlar.